



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

ÅRSMELDING skuleåret 2018/2019

Elev- og lærlingombodet



NNLEIING

Elev- og lærlingombodet, som også er mobbeombod i vgs, har positiv erfaring med å løyse saker på lågast mogleg nivå, altså med dei partane saka gjeld. Ombodsordninga er godt innarbeidd i Sogn og Fjordane, og arbeidsforma er godt kjent både blant elevar og lærlingar. Difor er terskelen låg for å ta kontakt, og sakene blir løyste relativt raskt. Totalt har ombodet fått inn 257 problemstillingar frå elevar og lærlingar dette skuleåret. 136 frå lærlingar og 121 frå elevar. Dette ligg omlag på same nivå som i fjor.

ELEVDEMOKRATI OG MOBBEFØREBYGGJANDE TILTAK

Elev- og lærlingombodet legg vekt på å lære elevane teknikkar for å fremje sitt syn, og å respektere andre sine syn. Dei lærer om fleirtal, avstemmingar og det å representere ei gruppe. Når elevane engasjerer seg og ser at det nyttar, vil det vere ei spire til ytterlegare engasjement og medverknad.

Kvar elevstemme er viktig. Kvar elev betyr noko i klassen. Dette er viktig å formidle til alle elevar. Det er verdifullt at elevane opplever at det nyttar å stå saman om felles mål og på den måten få gjennomslag for saker som elevane sjølv er opptatt av.

Skulen er arenaen der alle møtest. Aktive og trygge elevråd er ein særdeles viktig arena for å jobbe med inkludering og mobbeførebyggjande tiltak. Ungdom som føler seg utanfor er meir utsett for å oppsøke ekstreme miljø. Gode skulemiljø fører til betre oppvekstmiljø også utanfor skuletida.

SKULEBESØK HAUST OG VÅR

Elev- og lærlingombodet legg vekt på å vere mest mogleg synleg for elevane ved kvart skulebesøk. Både haust og vår får alle dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane besøk av elev- og lærlingombodet. På skulane har ombodet stand på ein godt synleg stad der elevar ferdast. Her kan alle elevar ta kontakt direkte med ombodet for å avtale samtale seinare eller få svar på spørsmål der og då. Skulane legg også til rette for «kontorstad» for ombodet der elev og ombod kan snakke uforstyrra. Også lærlingar har tilgang til skuleområdet, og kan ha samtalar med ombodet der, om ønskjeleg.

DEN GODE SAMTALEN

I dagens digitale verd er det mykje som kan formidlast ved nokre tastetrykk, men ingenting kan erstatte den gode samtalen face to face. Tilbakemeldingane frå både elevar og lærlingar er at dei set stor pris på desse samtalanene, og langt dei fleste sakene som blir tatt opp finn vi løysingar på der og då. Enten ved at eleven/lærlingen får råd om korleis sjølv ta opp saka med næraste overordna eller at elev- og lærlingombodet tar den kontakten på vegner av ungdommen.

LØYSE SAKER PÅ LÅGAST MOGLEG NIVÅ

Alle elevar og lærlingar veit at ombodet har teieplikt og at det difor er 100 % trygt å ta opp saker. Når elevar eller lærlingar ber om ein samtale, legg ombodet vekt på å få det på plass så raskt som mogleg. Målet er å få avklart om dette er noko eleven/lærlingen kan ta direkte opp med overordna sjølv, eller om vedkommande ønskjer at ombodet tar saka opp på vegner av elev/lærling. Målet er å løyse saka på lågast mogleg nivå, og med dei involverte partane.

RESSURSSIDE FOR ELEVRÅDA

I samarbeid med dei andre omboda i landet har vi laga ei felles nettside der elevar finn råd og tips om elevrådsarbeid, korleis ein går fram i ulike saker og tilgang til diverse malar for korleis dei tar ulike saker opp i systemet.

MOBBEKNAFF - NYTT VARSLINGSSYSTEM FOR MOBBING

Frå og med hausten 2018 innførte fylkeskommunen ei ny ordning der elevar i vgs og føresette på ein enkel måte kan melde frå om mobbing via ein såkalla «mobbeknapp». Denne er synleg og tilgjengeleg på alle dei vidaregåande skulane sine nettsider. Meldinga om mobbing går då direkte til rektor som undersøker saka og set inn nødvendige tiltak umiddelbart i samsvar med gjeldande lovverk. Ved eventuell nettmobbing og ulovleg billedeling på nettet blir det vist til politiet sine nettsider.

SAMARBEID MED MOBBEOMBODET FOR BARNEHAGEN OG GRUNNSKULEN

I august 2018 fekk også barnehagebarn og elevar i barne- og ungdomsskulen her i fylket sitt eige ombod. Det er svært positivt då mobbing ofte startar nettopp i denne aldersgruppa. Sjølv om vi to omboda har ulike ansvarsområde opplever vi det positivt å samarbeide, og har innført fellesmøte kvar måned.

SAMARBEID MED OMBODA I HORDALAND

Hordaland innførte ombodsordning for nokre år sidan, og vi har innarbeidd fleire faste samarbeidsmøte pr halvår. Dette opplever vi som svært positivt. Her utvekslar vi idear og erfaringar og gir kvarandre fagleg påfyll.

SAMARBEID MED OMBODA ELLES I LANDET

Årleg har vi fleire ombodssamlingar på tvers av fylka. Dette opplever vi også som svært positivt. Vi jobbar med dei same problemstillingane og ser det som ein styrke å komme saman for å utveksle idear og erfaringar. Dette kjem elevar og lærlingar i våre respektive fylke til gode. Vi har også ei felles lukka nettside der vi dagleg har kontakt og gir kvarandre råd og rettleiing i saker av generell karakter.



Omboda i Sogn og Fjordane og Hordaland på samling i Askvoll.

KURS OG KONFERANSAR

- Samarbeidsmøte m/Elevorganisasjonen
- Samarbeidsmøte/Ombodsmøte
- Arendalsuka, Arendal
- Læringsmiljøsentret, Stavanger
- Modum Bad konferansen, Oslo; frå skolegard til styrerom
- Psykisk helse i skolen, JobbAktiv, Gardermoen
- Ombodssamling, Vestfold
- Nemio-møte; Nettverket for medverknad i opplæringa, Oslo
- Samarbeidsmøte mellom omboda i Vestland fk.

LÆRLINGAR

Søkjartala til yrkesfaga vg1 har auka dette året. Det er gledeleg fordi fylket og landet treng fleire fagarbeidarar. Av søkjarar til vg1 med ungdomsrett har 56,5 % søkt yrkesfag. Tala for 2018 var 55 %.

Restaurant- og matfag:

Det har i fleire år vore dårleg søknad til Restaurant- og matfag. Dette trass i at det er god tilgang på læreplassar og det er stort behov for faglært arbeidskraft. Det er difor gledeleg at tal søkjarar har auka dette året. Det viser seg å vere viktig at både skular, næringsliv og bransjeorganisasjonane marknadsfører utdanningstilbodet.

Helse- og oppvekstfag:

Ombodet har merka seg den store og aukande søknaden til helse- og oppvekstfag. Det er positivt at fleire elevar frå dette faget går ut i lære. Siste åra har dette faget hatt aukande tilgang på læreplassar. Dette skuldast auka innsats både frå opplæringssektoren og frå kommunane. Likevel er det enno behov for endå eit løft for å auke tal læreplassar. Kommunar i fylket tek framleis inn for få lærlingar sett i høve til KS si målsetting.

Bygg- og anleggsteknikk:

Byggenæringa har framleis stor trong for fagarbeidarar. Bransjen har god tilgang til læreplassar.

SKULEMEISTERSKAP OG MEDALJEDRYSS

Målet med skulemeisterskap og skule-NM er å auke interessa og statusen til yrkesfaga i den vidaregåande skulen. Slik kan vi også rekruttere fleire til å starte på eit yrkesfagleg utdanningsløp. Skule-NM for skuleelevar er først og fremst på vg2-nivå, og ikkje for lærlingar. Medaljane til Sogn og Fjordane fordelte seg slik: To gullmedaljar i elektrikarfaget, to gullmedaljar til helsearbeidarfaget, ei gullmedalje i kokkefaget, 1 bronsemedalje i sveisefaget og 2 bronsemedaljar i automatiseringsfaget. Dette kan vi vere stolte over!

LÆRLINGSAMLINGAR

Elev- og lærlingombodet får tilbakemeldingar frå både lærlingar og deira føresette om at lærlingsamlingane vert sett stor pris på. Desse vert arrangerte både i Sogn, Sunnfjord og Nordfjord. På lærlingsamlingane vert det formidla viktige sider ved det å vere lærling, lov og rett, samt eit positivt kulturinnslag som Den kulturelle skulesekken er med og finansierer.



Lærlingsamling på Eid.

FAGOPPLÆRINGSNEMNDA OG HOVUDUTVAL FOR OPPLÆRING

Elev- og lærlingombodet set stor pris på å ha møte- og talerett både i fagopplæringsnemnda og i hovudutval for opplæring. Her kan ombodet formidle det som både elevar og lærlingar er særleg opptekne av. I tillegg er det ein fin måte å halde seg oppdatert på kva som rører seg innan opplæringssektoren. Vi går spennande tider i møte med nye læreplanar frå 2020.

Det er positivt at det gjennom året vert arrangert fellesmøte mellom hovudutvalet og fagopplæringsnemnda. Eit godt eksempel på dette er fellesmøtet som vart arrangert ved Flora vgs no i vår med følgjande viktige tema: Eit godt psykososialt læringsmiljø skal fremje elevane og lærlingane si HELSE-TRIVSEL-LÆRING.

På tvers av roller vart vi her delt inn i arbeidsgrupper som i etterkant skulle presentere tiltak som gruppene sjølv prioriterte. Stikkord her var: Trygge vaksne, tydeleg og klar leiing. Klar og tydeleg formidling av det om skal lærast. Bli sett og høyr. Godt skulehelsetilbod. Fysisk aktivitet. Gode relasjonar. Relevant lærestoff.

FAGBREVUTDELING

Det var stor stas å vere til stades under fagbrevutdelinga på Førdehuset i april. Det vart utdelt 740 fagbrev i 70 ulike fag.

UNGDOMSPOLITISK UTVAL OG FYLKESTING FOR UNGDOM

I tillegg til å delta på Fylkesting for ungdom samarbeider ombodet med ungdomspolitisk utval. Det er viktig å vere lydhøyr overfor kva ungdommen sjølv til ei kvar tid er opptekne av.



Fagbrevutdeling i Førdehuset.



Fylkesting for ungdom på Skei.

SAKER FRÅ ELEVAR OG LÆRLINGAR

Saker frå elevar	Tal saker
Korleis jobbe førebyggjande med mobbing	12
Korleis ta opp vanskelege spørsmål med lærar	10
Spørsmål vedr elevdemokrati	15
Spørsmål vedr læringsmiljøet og § 9 A i Opplæringslova	8
Andre spørsmål vedr Opplæringslova og Forvaltningslova	7
Spørsmål vedr Ordensreglementet på skulen	5
Forbetring av karakterar	4
Generelle spørsmål vedr vurdering i fag	6
Spørsmål vedr fråvær, og dokumentasjon av dette	7
Klage på karakter - framgangsmåte	4
Fråvær av lærar - bruk av vikar	2
Rettleiing vidare i systemet - elevar med psykiske problem	8
Fare for manglande vurderingsgrunnlag	2
Elevar som vurderte å slutte på skulen (men slutta ikkje)	4
Spørsmål vedr spes.ped og tilrettelagt opplæring	5
Konflikthandtering elev-elev	6
Konflikthandtering elev-lærar	3
Spørsmål om privatisteksamen	4
Rett til lån og stipend under utdanning	9

Saker frå lærlingar	Tal saker
Mangel på informasjon om lærlingordninga til dei tilsette i lærebedrifta	7
Korleis førebyggje mobbing	7
Konflikthandtering lærling-lærebedrift	8
Kvalitetssikring av halvårssamtalar	11
Mangel på arbeidsavtale for lærlingar	4
Lærling som ikkje er oppmeldt til teoriprøva av opplæringskontor	3
Spørsmål vedr Arbeidsmiljølova	12
Einsidige og gjentekne arbeidsoppgåver utan læringsprogresjon	5
Spørsmål om å byte lære plass	4
Manglande tilbakemelding på utført arbeid	3
Lærlingar som må avslutte læretida av helsemessige grunnar	1
Spørsmål vedr heving av kontrakt	3
Uklar ansvarsfordeling på arbeidsplassen	6
Fortviling over ikkje å ha fått lære plass	4
Spørsmål om bruk av overtid	7
Spørsmål om lønn	8
Arroganse frå opplæringskontor	3
Korleis ta saker opp med overordna	7
Lærlingar som vurderer å slutte, men ønskjer å bli motivert til å halde fram	5
Spørsmål om rett til lån og stipend	5
Manglande tilbakemelding på utført arbeid	4
Frykt for represaliar ved varsling av dårlege tilhøve	3
Lærling føler seg oversett og ikkje teken på alvor	2
Spørsmål om rabattordningar (buss/båt) for lærlingar	14

Dei aller fleste sakene/problemstillingane frå både elevar og lærlingar er løyste på lågast mogleg nivå. Det er ei arbeidsform som er mest effektiv og som er til beste for dei involverte partane.

OPPSUMMERING - TANKAR FRAMOVER

Sogn og Fjordane var mellom dei første fylka i landet som innførte ordning med elev- og lærlingombod i 2004. Stillinga har i alle år høyrte inn under fylkesrådmannen sin stab, og det bør den framleis gjere. For fem år sidan vedtok fylkestinget at underteikna også skulle vere mobbeombod i vgs med fokus på det førebyggjande arbeidet. Tilbakemeldingane frå elevar og lærlingar tilseier at dei set stor pris på det mobbeførebyggjande arbeidet, og at saker elles som blir tatt opp blir løyste raskt. Når vi no skal inn i Vestland fylke er det avgjerande viktig å oppretthalde dei ombodsstillingane som er i dag både i Sogn og Fjordane og Hordaland. Både geografi og tal elevar og lærlingar totalt tilseier det.

Underteikna takkar så mykje for godt samarbeid inneverande skuleår, og ser fram til å vidareføre det gode samarbeidet i Vestland fylkeskommune.

Takk til fylkestinget for innføring av rabattordning på buss og båt for lærlingane! Dette var etterlengta og blir sett stor pris på!

Venke Nordeide
elev- og lærlingombod i Sogn og Fjordane



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 63 80 00
E-post: post@sfj.no
www.sfj.no

Framsida: Frå fylkesmeisterskapen i yrkesfag som vart arrangert
ved Sogndal vidaregåande skule i februar 2018.
Foto: Ida Falkgjerdet Svå